

Har vore med og skapt påskestemming på Påfyll Snikkeriet.

26.03.2016



God stemning på Snikkeriet under jamen. Sindre i kvit tskjorte bak trommesettet

Det vert rapportert om svært god stemning på Påfyll Snikkeriet i Rosendal under påskedagane. Denne utestaden er kjend som ein god musikkplass der både lokale og tilreisande musikarar bidrar. Ein av dei som har bidrege mykje desse påskedagane er den dyktige slagverksmusikaren Sindre Aksnes her frå Uskedalen.



Sindre i aksjon bak trommesettet (Bilde frå facebookside til Hot Club de Qwinherred)

Sindre Aksnes er dette året heime i Uskedalen, og han er no aktiv i ulike band og musikkansamlingar. Onsdag spela han saman med Anders Gaute Kristensen Band, der Kristensen sjølv spelar gitar og syng. Han har med seg tre framifrå musikarar. I tillegg til Sindre på trommer er det Bjarne Øymyr på tangentar og Roger S. Dalland på bass. Sindre fortel at dei onsdag spela pop og dansemusikk med kjente svisker, men dei kjem etter kvart til å spela sjølv laga stoff då Anders G. Kristensen skal gje ut eit album.

Langfredag om kvelden var Sindre på plass att, men då var det med nytt band, Hot Club de Qwinnherred. Som namnet seier er dei inspirert av Hot Club de Norwêge og Django Reinhardt sin musikk. Bandet spelar altså string-swing, og det var Stig Klette og Mats Moland Træen som tok initiativet til oppstarten for eit par år sidan. Sindre har vore med sidan i fjor sommar. I haust kom den dugande vokalisten frå Os, Kari Fjellstad, inn i kvintetten som elles er samansett av Stig Klette(gitar), Mats M. Træen(gitar), Per Bråtun(bass) og Sindre Aksnes(trommer).

Langfredagskvelden vart avslutta med Husbandet og stor påskejam, framleis med Sindre Aksnes bak trommesettet. Her bidrog både fastbuande og tilreisande. Til og med ein bulturist på toradar spela med dei kunne Sindre fortelja. Blant publikum som var innom var TV-kjendisen Lothepus, og elles mange tilreisande. Til Kvinnheringen fortalde nokre begeistra bergensarar at dette var mykje betre enn det beste i Bergen. Det fortel litt om stemningen!

Framover vil Sindre verta å høyra i ulike lokale samanhengar før han til hausten reiser ut for å studera. Då opnar nye musikalske muligheter seg for ungguten som tilbrakte fjoråret på jazzlina på Sund folkehøgskule i Trøndelag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen/Mona Grønningen